

Yrkesseksjon helse og sosial

Nasjonalt Fagskoleråd

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/6607-2 EHU

13.10.2023

Eskild Hustvedt / 47646514

Høringsvar: barsel- og barnepleier

Fagforbundet takker for høvet til å kome med innspel. Barsel- og barnepleiar er ei viktig utdanning, som berre kjem til å vere meir og meir aktuell i åra som kjem. Fagforbundet organiserer mange av dei som jobbar som barsel- og barnepleiar ute i tenestene i dag, og mange av dei som vidareutdanninga kan vere aktuell for.

Generelt er utkastet som er sendt ut godt gjennomarbeidd, og arbeidsgruppa har gjort ein god jobb. Det meste av dokumentet stil me oss difor bak, og kjem berre til å kome med nokre mindre endringsforslag til enkelte punkt.

Det er om lag 8000 barn i Noreg som lev med ein livstrugande eller livsavgrensande diagnose, og som difor er i eit palliativt forlaup. Me saknar kompetansemål om palliasjon til barn, til dømes basert på den nasjonale faglege retningslina om palliasjon til barn og unge. Det er eit stort behov for kompetanse om palliasjon til barn ute i tenestene, og barsel- og barnepleiarane vil kunne vere eit viktig bidrag på dette området.

I utkastet står det under «om utdanningen» at det er ein utdanning for spesialisthelsetenesta, samstundes skriv ein vidare at det er aktuelt med arbeid på alle nivå. For å unngå forvirring bør ein stryke den setninga. Det har kanskje tradisjonelt vore ei utdanning for tilsette i spesialisthelsetenesta, men utviklinga i tenestene tilseier at framtidens barsel- og barnepleiar kan jobbe på fleire tenestenivå, og ikkje berre i spesialisthelsetenesta.

Dei overordna læringsutbyta legg stor vekt på observasjonskompetanse. For å kunne gjere gode nok observasjonar er det naudsynt med grunnleggjande legemiddelkompetanse. Vårt forslag er ei formulering som kandidaten «har kjennskap til verknad og biverknad på vanlege medikament brukt under svangerskap-, fødsel- og barselomsorg, samt vanlege legemiddel brukt av barn». Detaljkkunnskap om legemiddel er utanfor barsel- og barnepleiarens ordinære kompetanseområde, men grunnleggjande kjennskap til relevante legemiddel er naudsynt.

Emne 1 kan med fordel spissast inn mot barsel- og barnepleiaren sitt arbeidsfelt. Relevante tema kan vere handtering av vald i nære relasjonar og vald mot barn. Korleis kommunisere i situasjonar kor ein mistenkjer vald, og korleis ein skal handtere dette.

I emne 3 om amming bør ein spesifisere ikkje berre «morsmjølk» men òg colostrum/råmjølk, og kva som er betydninga av denne, særleg når det gjeld premature, nyfødde og sjuke nyfødde.

Fagforbundet ynskjer å understreke kor viktig det er at praksis er ein del av utdanninga. Det er difor svært viktig at emne 4 består og vert gjennomført i pasientretta verksemd, og ikkje vert erstatta av t.d. simulering. Simulering kan vere eit nyttig tilskot, men ingenting kan erstatte møter med faktiske pasientar.

Med helsing
FAGFORBUNDET

Eskild Hustvedt
rådgiver